

KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/25

av 1. mars 2006

om endring av vedtak 97/808/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til underlagsdekke(*)*[meldt under nummeret K(2006) 553]*

(2006/190/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtene:

1) I tabellen for varegruppa «UNDERLAGSDEKKE (2/2)» i vedlegg III til kommisjonsvedtak 97/808/EF av 20. november 1997 om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til underlagsdekke⁽²⁾ er klasse F_{FL} ført opp feil under system 3 for samsvarsattestering.

2) Vedtak 97/808/EF bør difor endrast.

3) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegg III til vedtak 97/808/EF vert endra slik det er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 1. mars 2006.

For Kommisjonen

Günter VERHEUGEN

Visepresident

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 66 av 8.3.2006, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 9/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 33, 12.6.2008, s. 14.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 331 av 3.12.1997, s. 18. Vedtaket sist endra ved vedtak 2001/596/EF (TEF L 209 av 2.8.2001, s. 33).

VEDELEGG

I vedlegg III til vedtak 97/808/EF skal tabellen og teksta som gjeld varegruppa «UNDERLAGSDEKKE (2/2)», lyde:

«VAREGRUPPE: UNDERLAGSDEKKE (2/2)

System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektronisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Varer	Tiltent bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
Stive underlagsdekke A) <i>Komponentar</i> Bruleggingsselement, fliser, mosaikk, parkett, underlagsdekke av netting eller metallplater, golvrister, stive laminerte underlagsdekke, trebaserte varer B) <i>Berande system marknadførde som modular</i> Installasjonsgolv, holgolv	Til innandørs bruk, medrekna bruk i innelukka område knytte til offentleg transport	A1 _{FL} (0) — A2 _{FL} (0) — B _{FL} (0) — C _{FL} (0)	1 ⁽²⁾
		A1 _{FL} (³) — A2 _{FL} (³) — B _{FL} (³) — C _{FL} (³) — D _{FL} — E _{FL}	3 ⁽⁴⁾
		(A1 _{FL} to E _{FL})(⁵), F _{FL}	4 ⁽⁶⁾
Halvharde og tekstile underlagsdekke Einsarta og ueinsarta halvharde golvdekke som vert leverte i form av fliser, plater eller rullar (tekstile underlagsdekke, medrekna fliser, plast- og gummiplater (varmeherda aminoplastunderlagsdekke), linoleum og kork, antistatiske plater, laust lagde golvfliser, halvharde laminerte underlagsdekke)	Til innandørs bruk	A1 _{FL} (¹) — A2 _{FL} (¹) — B _{FL} (¹) — C _{FL} (¹)	1 ⁽²⁾
		A1 _{FL} (³) — A2 _{FL} (³) — B _{FL} (³) — C _{FL} (³) — D _{FL} — E _{FL}	3 ⁽⁴⁾
		(A1 _{FL} to E _{FL})(⁵), F _{FL}	4 ⁽⁶⁾
Halvharde og tekstile underlagsdekke Einsarta og ueinsarta halvharde golvdekke som vert leverte i form av fliser, plater eller rullar (tekstile underlagsdekke, medrekna fliser, plast- og gummiplater (varmeherda aminoplastunderlagsdekke), linoleum og kork, antistatiske plater, laust lagde golvfliser, halvharde laminerte underlagsdekke)	Til utandørs bruk	—	4 ⁽⁶⁾
Golvavrettingsmateriale	Til innandørs bruk	A1 _{FL} (¹) — A2 _{FL} (¹) — B _{FL} (¹) — C _{FL} (¹)	1 ⁽²⁾
		A1 _{FL} (³) — A2 _{FL} (³) — B _{FL} (³) — C _{FL} (³) — D _{FL} — E _{FL}	3 ⁽⁴⁾
		(A1 _{FL} to E _{FL})(⁵), F _{FL}	4 ⁽⁶⁾
	Til utandørs bruk	—	4 ⁽⁶⁾

⁽¹⁾ Varer/materiale der det på eit klart atkjenneleg stadium i produksjonsprosessen finn stad ei betring av klassifiseringa med omsyn til yting ved brannpåverknad (t.d. tilsetjing av brannhemmande middel eller ei avgrensing av organiske materiale).

⁽²⁾ System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

⁽³⁾ Varer/materiale som ikkje er omfatta av fotnote 1.

⁽⁴⁾ System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

⁽⁵⁾ Varer/materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje treng prøvast (t.d. varer/materiale i klasse A1 i samsvar med vedtak 96/106/EF (TEF L 267 av 19.10.1996, s. 23)).

⁽⁶⁾ System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

Spesifikasjonane for systemet bør vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.»
